

**Sigurd Vikøren, magasinprodusent i Rosendal, har igjen levert eit imponerende journalistisk og typografisk arbeid.**

**Han har laga Kvinnheradmagasinet sommarspesial.**

**Det er ein massiv presentasjon av kommunen på 150 sider av beste trykktekniske kvalitet og trykt i det imponerende opplag 50.000.**

Dette blir nok den sentrale og mest lesne trykksak i grenseområdet millom Sunnhordland og Hardanger denne sommaren, spekka som det er av interessant stoff og gode bilete.

Uskedalen har sluppe til med 8 sider og 3 reportasjer i magasinet med Systrene Nilsen, fjelltoppane våre og bygdeutvikling som tema. Diverre er det ein liten feil i ein annonse for elva - depositum for heile sesongen er 500 og ikkje 600 og 100 og ikkje 150 for døgnet. Men formuleringen 'Beste elva i Kvinnherad' står til truande!

Noko av det mest interessante i magasinet er ordførarkandidatane sine artiklar. Dei slepp vel ikkje nokon nye og sensasjonelle kattar ut av sekken, men det går som ein raud tråd gjennom det dei har skreve kor stolte dei er over kommunen sin. Det må inspirera nokon kvar til å komma hit og eventuelt slå seg ned her.

Nokon av dei svinger sogar innom Uskedalen, til dømes innvandraren Willy Kalsås frå Raudt. Han anbefalar Lises Krambu! Det burde fleire gjera

Av Ola Matti Mathisen